

Bømlo kommune

Rådhuset Leirdalen 1

5430 BREMNES

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest

Sakshandsamar: Ingerid Bjørkevoll

Telefon: 91393269

Vår referanse: 17/19078

Dykkar
referanse:

Dato: 06.02.2018

Bømlo kommune Hordaland - Høyringsframlegg - Planprogram ny kommuneplan 2018-2048 - uttale

Syner til brev av 08.12.2017 med høyringsframlegg til planprogram for ny kommuneplan for Bømlo kommune, og e-post av 01.02.2018 der vi får forlenga frist til 08.02.2018.

Fiskeridirektoratet si rolle og ansvar i arealplanlegginga

Fiskeristyresmaktene er ansvarlig for forvaltninga av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og kontroll med akvakulturnæringa. Fiskeridirektoratet sine regionar skal ta vare på desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet.

Om planprogrammet

I planprogrammet er akvakultur nemnt under punkt *d) Næringsliv* under *4.3 Innhald i dei enkelte hovudtema*, medan fiske ikkje er nemnt spesifikt. I samfunnsdelen for gjeldande kommuneplan uttrykkast det eit ønske frå kommunen om å legge til rette for at fiskeri kan vere ei berekraftig næring. Det trekkast også fram at ein må ta vare på viktige kaste- og låssettingsplassar og at oppvekst/yngleområde for fisk må takast vare på. Dette tykkjer vi er positivt og vi vil oppfordre kommunen om å ta denne tankegangen med i arbeidet med revidering av kommuneplanen.

Vi tykkjer at det står lite i planprogrammet om korleis kommunen har tenkt å leggje opp arbeidet med arealdelen. Det er derfor vanskeleg å kome med konkrete innspel til dette.

Arealbruk

Kommunen kan finne kart over dei fiske- og ressursområde som Fiskeridirektoratet har registrert i kartverktøyet på heimesida vår; <http://www.fiskeridir.no/> . Her kan kommunen også laste ned geodata i forskjellig format, t.d. SOSI og ESRI Shapefile.

Fiskeri

Fiskarar er avhengig av å ha tilgang på gode fiskeområde der det ikkje er installasjonar eller anna som øydelegg for fiske. Dersom det kjem midlertidige installasjonar som plattformer eller ein skal fjerne allereie eksisterande installasjonar som akvakulturanlegg frå slike område må det ryddast skikkeleg opp slik at ingenting vert liggande igjen. Det er også viktig å ta vare på låssettingsplassar i nærleiken av gode fiskeområde.

Områda må beskyttast mot forureining.

Låssettings- og kasteplassar

Dette er område der fiskarane fiskar etter og låssetter fisk. I desse områda er det viktig at det ikkje kjem faste installasjonar som hindrar fiske eller låssetting. Døme på slike installasjonar er fortøyingar, flytebrygge, flåtar og liknande.

Fiskeridirektoratet region Vest vil krevje å få inn dei viktigaste låssettingsplassane i arealplanen.

Rekefelt

Dette er område der det trålast etter reke. Når fiskarar trålar er dei avhengig av lange strekk der det ikkje er noko som trålen kan henge seg opp eller som hindrar tråling. Då kan fiskereiskapen bli øydelagt og/eller fiskarane må avbryte trålinga. Det er derfor viktig at det ikkje kjem faste installasjonar i desse områda.

Fiskeridirektoratet region Vest vil krevje å få inn desse områda i arealplanen.

Fiskeplassar for aktive- og passive reiskap

Dette er område der det vert fiska med aktive- og passive reiskap. Aktive reiskap er fiskereiskap der ein brukar reiskapen aktivt for å fange fisken, som t.d. not eller trål. Passive reiskap er fiskereiskap som festast eller settast ein plass som t.d. garn, liner, teiner og ruser.

Desse områda treng også å bli beskytta frå faste installasjonar. Det er som regel nok at desse områda vert tatt med i arealplanen som ein del av fleirbruksområde i sjø.

Ressursområde

Dette er område som er viktige for eksistensen av marine artar. Dei ressursområda vi har registrert i våre data er gyteområde, oppvekst og beiteområde, skjelførekomstar og stortare. I

kartverktøyet vårt kan ein også finne kartdata om marine naturtypar som korallrev, ålegrasenger, skjelsand og blautbotnområde.

Desse områda vil som regel ikkje vere i konflikt med installasjonar som flåtar og fortøyingar. Det er likevel viktig å ta omsyn til naturtypar som ålegrasenger og tare-/tangførekomstar når ein skal finne område for småbåthamn. Område som er viktige for marint biologisk mangfald må beskyttast mot forureining, mudring og dumping anna som kan øydelegge områda.

Fiskeridirektoratet region Vest vil krevje å få gytefelt – spesielt for torsk - inn i arealplanen.

Akvakultur

Akvakulturnæringa treng store nok område til at dei kan gjere dei endringane som trengs for å halde følge med utviklinga av anlegg og driftsformer. Anlegga er ofte både større og ligg lenger ute på djupare vatn enn før.

Kommunen må også finne ei løysning på korleis fortøyingane skal visast i arealplanen. Ein måte å gjere det på er å ha med ei føresegn som seier at fortøyingar kan gå ut i fleirbruksområde i sjø under føresetnad av at dei ikkje kjem i konflikt med anna arealbruk som t.d. tråling eller bruk av låssettingsplassar.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ingerid Bjørkevoll
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Bømlo kommune

Rådhuset Leirdalen 1 5430 BREMNES

Kopi til:

Fiskarlaget Vest

Slottsgaten 3 5003 BERGEN

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900 5020 BERGEN

Kystverket

Postboks 1502 6025 ÅLESUND

KOPPI